



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 96 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i jordskiftelova 2013 (reglar om saksbehandling mv.)

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 17. april 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Proposisjonen inneheld forslag til endringar i reglane om saksbehandling i den nye jordskiftelova av 21. juni 2013 nr. 100 som skal tre i kraft 1.1.2016.

Forslaga inneber at saksbehandlingsreglane i §§ 6-21 første ledd og 6-23 fjerde ledd i ny jordskiftelov blir endra slik at dei avgjerdene som er «jordskifteavgjerder» etter § 6-23 fjerde ledd får ei behandling etter § 6-21 som er meir i tråd med dei tilsvarende reglane i gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd og § 20. § 6-21 første ledd blir endra slik at ikkje alle jordskifteavgjerder skal følgje framgangsmåten i paragrafen. Slik førebuing skal berre gjelde dei avgjerdene der det er tenleg for å sikre kvaliteten på avgjerdene. Dette gjer at saksbehandlinga kan bli meir effektiv og rasjonell enn den ville ha blitt etter ordlyden i den nye lova. I §§ 6-21 første ledd og 6-22 første ledd blir det også foreslått endringar for å få tydelegare fram at forslag til avgjerder som retten legg fram for partane ikkje må ha ei grunngeving. I § 6-23 fjerde ledd blir det foreslått nokre endringar i redaksjon og ordlyd slik at det ligg til rette for ei enklare tilvising frå § 6-21 første ledd.

Vidare blir det foreslått å rette opp nokre feil i §§ 3-18, 3-37, 6-1, 7-7 og 9-7 nr. 7.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Domstoladministrasjonens forslag

Ny jordskiftelov blei fastsett 21. juni 2013. Den nye lova gjeld frå 1. januar 2016. Under arbeidet med å førebu ikraftsetjinga har ein sett at § 6-21 i den nye lova kan gjere saksbehandlinga i enkelte saker for jordskifteretten meir langvarig og komplisert enn etter gjeldande jordskiftelov.

Domstoladministrasjonen (DA) har i brev av 9. desember 2014 bedt om at føresegna blir endra. DA peiker på at § 6-21 ikkje gir rasjonelle prosessar for partane ved behandlinga av alle slag jordskifteavgjerder. Løysinga er såleis ikkje i samsvar med intensjonen lovgivaren har hatt om å gjere saksbehandlinga meir effektiv og rasjonell. DA viser til at regelen vil skape problem i fire samanhengar. Det gjeld ved behandling av den saklege og geografiske avgrensinga av saka, ved avheimling av skjønn som del av ei jordskiftesak, ved vurdering av om dei materielle vilkåra er oppfylte eller ikkje, og ved fordeling av sakskostnader. DA peiker også på at det ut over ordlyden i lova ikkje er konkrete haldepunkt i Prop. 101 L (2012–2013) for at det var meininga at regelen om saksførebuinga skulle gjelde alle avgjerdene som etter § 6-23 fjerde ledd er kalla jordskifteavgjerder.

2.2 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget innebar at

- reglane om saksbehandlinga i § 6-21 berre skal gjelde bestemte typer jordskifteavgjerder, ikkje alle dei avgjerdene som er jordskifteavgjerder etter § 6-23 fjerde ledd
- § 6-21 tydelegare skal seie at det forslaget retten skal leggje fram for partane viser resultatet av jordskifteavgjerda. Det skal ikkje vere ei fullt ut grunnlagt jordskifteavgjerd
- regelen om at avgjerd om sakleg og geografisk avgrensing av saka er jordskifteavgjerd, blir flytt frå § 6-23 fjerde ledd bokstav b) til fjerde ledd bokstav a)
- regelen om at avgjerd om val av trasé for vegar og andre avgjerder undervegs i saka er jordskifteavgjerd, blir flytt frå § 6-23 fjerde ledd bokstav b) til fjerde ledd bokstav h), samtidig som ordlyden blir endra slik at han gjeld «ulike jordskifteløysingar undervegs i saka».

Departementet peikte på at ordlyden i §§ 6-21 og 6-22 er nokså parallell når det gjeld spørsmålet om forslag skal grunnvist eller ikkje. Departementet ba derfor om merknader til om det bør gjerast endringar i begge dei to føresegnene. Departementet ba også om innspel til om det er feil som bør rettast i den nye lova.

2.3 Høyringa

Departementet sendte forslaget på høyring 28. januar 2015 til følgjande instansar:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Justisdepartementet
Domstoladministrasjonen
Jordskifterettane
Jordskifteoverrettane
Lagmannsrettane
Advokatforeningen
Norges jordskifte kandidatforening

Høyringsfristen var 2. mars 2015. Følgjande høyringsinstansar hadde merknader til forslaget:

Domstoladministrasjonen
Borgarting lagmannsrett
Frostating jordskifteoverrett
Jordskifterettsleiarane i Eidsivating jordskiftedøme
Nedre Telemark jordskifterett
Romsdal jordskifterett
Sør-Rogaland jordskifterett
Sør-Trøndelag jordskifterett
Advokatforeningen

Høyringsuttalen frå Frostating jordskifteoverrett er ein felles uttale frå alle jordskifteoverrettane (Eidsivating, Agder, Gulating, Frostating og Hålogaland). Uttalen frå Nedre Telemark jordskifterett er ein felles uttale for jordskifterettane i Agder (Aust-Agder jordskifterett, Lista jordskifterett, Marnar jordskifterett, Nedre Telemark jordskifterett, Vestfold jordskifterett og Øvre Telemark jordskifterett). Uttalen frå Sør-Rogaland jordskifterett er ein felles uttale for jordskifterettane i Gulating (Nordfjord jordskifterett, Indre Sogn jordskifterett, Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett, Nord- og Midhordland jordskifterett, Indre Hordaland jordskifterett, Sunnhordland og Haugalandet jordskifterett og Sør-Rogaland jordskifterett).

3 Innhaldet i jordskiftelova 2013 §§ 6-21, 6-22 og 6-23

Etter den nye jordskiftelova § 6-21 første ledd skal jordskifteretten utarbeide eit forslag til jordskifteavgjerd, som skal leggjast skriftleg fram for partane. Jordskifteavgjerder kan for eksempel vere delavgjerder av ymse slag undervegs i eit jordskifte, eller den endelege jordskifteavgjerda. Før forslaget blir utarbeidd, skal partane få høve til å uttale seg. Partane skal også få høve til å uttale seg om dei merknadene til forslaget som kjem inn. Dette følgjer av § 6-21 andre ledd. Det skal fastsetjast ein frist som ikkje skal vere kortare enn to veker for å gi slik uttale, jf. § 6-21 tredje ledd, og forslaget til jordskifteavgjerd skal deretter som hovudregel behandlast i rettsmøte. Dersom jordskifteretten meiner det held, og ingen av partane er mot det, kan forslaget behandlast skriftleg utan rettsmøte, jf. § 6-21 fjerde ledd.

Kva for avgjerder som er jordskifteavgjerder er lista opp i den nye jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd. Det er avgjerder om:

- a) vilkåra for jordskifte i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er oppfylte eller ikkje
- b) sakleg og geografisk avgrensing av saka, verdsetjing av det som skal gå i byte i jordskiftet, val av trasé for vegar og anna undervegs i saka
- c) utsett merking og måling
- d) skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 i samband med sak for jordskifteretten
- e) reglar som etter § 3-34 skal gjelde for ei viss tid
- f) fordeling av planskapt netto verdiauke etter § 3-30
- g) sakskostnader etter § 7-6
- h) den endelege jordskifteløysinga.

Den nye jordskiftelova § 6-22 gjeld saksbehand-
linga av forslag til fastsetjing av grenser, eigedoms-
rett, rettar eller anna, når det ikkje er tvist mellom
partane. Forslaget til fastsetjing går ut på å avklare
kvar grensene mellom eigedomane til partane går,
kven som har eigedomsrett til kva for areal, kva for
bruksrettar dei har på eigedom som andre eig osv.
Den endelege rettsfastsetjinga skal skje ved dom,
jf. § 6-23 første ledd. Forslag til rettsfastsetjing skal
leggjast skriftleg fram for partane. Dette går fram
av § 6-22 første ledd. Før forslaget blir utarbeidd
skal partane få høve til å uttale seg. Partane skal
også få høve til å uttale seg om dei merknadene til
forslaget som kjem inn, jf. § 6-22 andre ledd. For-
slaget skal byggje på det partane er samde om, jf.
§ 6-22 tredje ledd, og forslaget skal forkynnast for
partane, jf. § 6-22 fjerde ledd. Fristen for å uttale
seg skal normalt ikkje vere kortare enn to veker, jf.
§ 6-22 femte ledd. Forslaget skal behandlast skrift-
leg om ikkje retten eller nokon av partane meiner
det er nødvendig med behandling i rettsmøte, jf.
§ 6-22 sjette ledd.

Gjeldande jordskiftelov av 1979 § 17 a andre
ledd regulerer retten partane har til å uttale seg til
avgjerd som gjeld verdsetjing eller regulering.
Avgjerdsforma er vedtak, jf. § 17 a første ledd, der-
som det ikkje er tvist. Med verdsetjing er meint
fastsetjing av verdien på areal, rettar, standskog
og liknande som skal gå i byte. Med regulering er
meint avgjerder der retten utformar eigedomar og
rettar, regulerer grenser, lagar planar, under dette
skifteplan, lagar bruksordningar og fastset bruks-
reglar. Etter § 17 a andre ledd skal partane få høve
til å uttale seg om spørsmålet. Retten skal deretter
lage eit forslag som skal leggjast skriftleg fram for
partane. Partane skal få ein frist for merknader,
som ikkje er kortare enn 2 veker, og skal få høve
til å uttale seg om merknadene som kjem inn. Når
vedtaket er rettsfastsetjande eller gjeld avgjerd
om fremjing av jordskiftesak, jf. gjeldande lov
§ 14, skal dei partane som vedtaket gjeld, få høve
til å uttale seg om spørsmålet, og til dei merkna-
dene som kjem inn, jf. § 17 a tredje ledd. Når ved-
taket er rettsfastsetjande og byggjer på at partane
er samde, skal retten forkynne utkastet for par-
tane og gi dei ein frist til å seie frå dersom det
inneheld feil eller mistydingar eller det likevel
ikkje er semje. Er det tvist om grenser, bruksrett
eller anna innan skifefeltet, eller i rettsutgreiings-
sak eller grensegangssak, skal retten avgjere tvis-
ten ved dom, jf. gjeldande lov § 17.

Etter gjeldande jordskiftelov § 20 skal retten,
når alt førebauande arbeid er gjort, lage utkast til
skifteplan, som skal leggjast fram for partane for
drøfting i rettsmøte.

I Prop. 101 L (2012–2013) er det lagt til grunn
at jordskiftelova § 6-21 avløyser gjeldande jordskif-
telov § 17 a andre ledd og § 20. Ny jordskiftelov
§ 6-23 fjerde ledd listar likevel opp langt fleire
avgjerder enn dei som går fram av §§ 17 a og 20 i
gjeldande lov.

Dette er bakgrunnen for DA sitt brev til depar-
tementet, jf. punkt 2.1 over.

4 Høyringsinstansanes syn

4.1 Endringar i §§ 6-21, 6-22 og 6-23

Domstoladministrasjonen (DA) støttar høyrings-
forslaget, og meiner endringane vil leggje til rette
for ein effektiv og rasjonell saksbehandling i jord-
skiftedomstolane. DA meiner likevel at § 6-23
fjerde ledd bokstav a) kan delast i to, slik at
avgjerd om sakleg og geografisk avgrensing etter
§ 6-9 blir ny bokstav b).

Borgarting lagmannsrett er samd i dei endrin-
gane som blei foreslåtte i høyringsbrevet. Lag-
mannsretten meiner det også bør gjerast ei tilsva-
rande endring i § 6-22 som i § 6-21 når det gjeld
spørsmål om forslag skal grunnigvast eller ikkje.

Frostating jordskifteoverrett uttaler på vegner
av jordskifteoverrettane at dei støttar høyringsfor-
slaget. Dei foreslår likevel ei justering av ordlyden
i § 6-21 første ledd. Dei meiner ordet «Når» bør
erstattast av «Før» i innleiinga til første ledd. Det
same meiner *jordskifterettsleiarane i Eidsivating
jordskiftedøme*, og *Nedre Telemark jordskifterett* på
vegner av jordskifterettane i Agder.

Nedre Telemark jordskifterett på vegner av jord-
skifterettane i Agder uttaler om § 6-23 fjerde ledd
at dei støttar forslaget til ny bokstav a), slik at
denne også gjeld sakleg og geografisk avgrensing
av saka. Dei seier at dersom det ut frå kravet, jf.
§ 6-2 eller merknader, jf. § 6-5, er nødvendig, må
retten ta stilling til «sakleg og geografisk avgren-
sing av saka» ved rettsfastsetjing. Føreseigna er
svært sentral ved rettsendring. Dei meiner også at
det fortsatt bør følgje av § 6-23 fjerde ledd bokstav
b) at dei ulike jordskifteløysingane undervegs i
saka er jordskifteavgjerder. Nedre Telemark jord-
skifterett legg til grunn at utsett merking og
måling bør gå fram av ordlyden i jordskiftelova
§ 6-23 fjerde ledd bokstav c). Uttalen trekkjer i re-
ning av at det dessutan bør kome betre fram av
ordlyden i lova at merking og måling også i andre
samanhengar er omfatta av føreseigna.

Romsdal jordskifterett støttar forslaget til end-
ring av § 6-21 første ledd og § 6-23 fjerde ledd, og
er samd i at slik lovteksta er utforma vil det føre til

unødig forlengande og komplisert behandling i jordskifteretten.

Sør-Rogaland jordskifterett uttaler på vegner av jordskifterettane i Gulating at dei foreslåtte endringane i § 6-21 første ledd og § 6-23 fjerde ledd er heilt nødvendige for å sikre ei rasjonell behandling av jordskiftesakene.

Sør-Trøndelag jordskifterett uttaler at dei ikkje har merknader til dei foreslåtte endringane.

Advokatforeningen har ikkje innvendingar til forslaget frå departementet. Foreninga meiner det taler for løysinga i 2013-lova at alle jordskifteavgjerder skal førebuast på same måten. Samtidig er det neppe tvil om at dette vil føre til meirarbeid og forseinking i prosessen i høve til i dag, altså ein mindre effektiv prosess for nokre avgjerder. Advokatforeningen meiner såleis at det må vere fornuftig å oppretthalde dei særlege saksbehandlingsreglane for skifteplan og verdsetjing. For slike avgjerder er det gode grunnar til å la partane kome med innspel før det blir teke endeleg avgjerd.

4.2 Forslag til retting av feil

§ 3-18 Vern mot tap

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane meiner den nye jordskiftelova § 3-18 bør endrast slik at det står «og» og ikkje «eller» i paragrafen. Paragrafen blir da lydande: «Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene og ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett». Jordskifteoverrettane meiner at § 3-18 i si nåverande form seier at korkje kostnadene eller ulempene kvar for seg får lov til å bli større enn nytten. Etter gjeldande lov er det summen av kostnader og ulemper som skal vektast opp mot nytten. Forarbeida til ny lov seier riktignok at føresegna skal ha same verknad som i § 3 bokstav a i gjeldande lov, men det bør likevel gjerast ei endring for å få dette fram. Det same påpeiker *Nedre Telemark jordskifterett* på vegner av jordskifterettane i Agder, *Sør-Rogaland jordskifterett* på vegner av jordskifterettane i Gulating, og *jordskifterettsleiarane i Eidsivating jordskiftedøme*.

§ 3-37 Sperretid for nytt jordskifte

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane påpeiker at det i § 3-37 andre ledd som gjeld fristen for å krevje nytt jordskifte, må vere feil referanse når det er vist til «§§ 3-2, 3-18 eller 3-19». Rett referanse skal vere «§§ 3-2, 3-3 eller 3-18».

§ 6-1 Saksbehandlinga og tilhøvet til tvisteloven og lov om skjønn og ekspropriasjonssaker

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane påpeiker at det i § 6-1 andre ledd er nokre skrivefeil i teksten, i oppramsinga av paragrafar og kapittel i tvistelova. I tilvisinga til tvistelova § 13-1 er det eit «og» for mykje. Tilvisinga til tvistelova § 15 er ufullstendig. *Nedre Telemark jordskifterett* uttaler på vegner av jordskifterettane i Agder at dette skal vere ei tilvising til tvistelova § 15-2 første ledd bokstav b.

§ 7-7 Sakskostnader som følge av trekking av sak, avvising med vidare

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane meiner det i § 7-7 første ledd manglar eit linjeskift. Formuleringa «... på dei som har valda kostnadene» skal stå til heile leddet, dvs. til alle punkta a, b og c, ikkje berre punkt c slik det ser ut nå, jf. forslaget i Prop. 101 L (2012–2013) s. 508.

§ 9-7 Endringar i andre lover

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane peiker på at det i § 9-7 nr. 7, om endringar i servituttolova § 7 andre ledd første punktum, er teke inn eit kommateikn utan nokon synleg funksjon etter «eigaren» («I slike høve skal eigaren, svara vederlag i jord, rettar eller pengar»). Det same uttaler *jordskifterettsleiarane i Eidsivating jordskiftedøme*.

4.3 Andre forslag frå høyringsinstansane

§ 1-4 Kva det kan reisast sak om for jordskifteretten

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane meiner § 1-4 åpnar for ei vid tolking når det gjeld kva det kan krevjast jordskifte for sjølv om paragrafen viser til kapittel 3 som inneheld ei rekkje vilkår for å krevje sak. Formuleringa bør endrast slik at tolkinga blir innsnevra til å gjelde utenleige eigedomstilhøve, og ikkje strekkjer seg til det å skape nye eigedomstilhøve som er meir tenlege. Jordskifteoverrettane foreslår ein ny ordlyd i paragrafen. *Sør-Rogaland jordskifterett* på vegner av jordskifterettane i Gulating, meiner ein bør endra formuleringa «skape meir tenlege tilhøve» i § 1-4 bokstav a) til «bøte på utenleige eigedoms- og bruksrettstilhøve» slik at det blir betre samsvar med ordlyden i §§ 3-1 og 3-2.

§ 3-3 Meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane meiner det bør gjerast ei endring i § 3-3 første ledd. Dei viser til at det følgjer av forarbeida til den nye lova at det ikkje er meininga å gjere ei realitetsendring frå dagens lov. Etter gjeldande jordskiftelov av 1979 er det eit vilkår for jordskifte at jordskifteløysinga skal føre til meir tenlege eigedomstilhøve. Om det ikkje er tilfelle, kan jordskifteretten ikkje behandle saka. Jordskifteoverrettane foreslår ei endring i ordlyden for å få dette klarare fram.

§ 3-7 Deling av eigedom

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane viser til at det i gjeldande lov av 1979 er to heimlar for deling av eigedom, jf. § 2 bokstav f) for deling i samsvar med formålet i jordlova, og § 2 bokstav g) for deling av personleg sameige. § 3-7 i den nye lova verkar mangelfull da det ikkje er samsvar mellom ordlyden i forarbeida og i lova. Jordskifteoverrettane meiner at det i ny lovtekst er teke ut eit viktig verkemiddel som jordskifterettane har i § 2 f), deling etter jordlova. Jordskifteoverrettane meiner samtidig at det truleg er for omfattande å ta opp dette nå, men at det kan gjerast ved neste revisjon av lova. *Jordskifterettsleiarane i Eidsivating jordskiftedøme* meiner § 3-7 meir tydeleg må omfatte gjeldande § 2 bokstav f). *Sør-Rogaland jordskifterett* på vegner av jordskifterettane i Gulating meiner også at § 3-7 er mangelfull. Dei meiner at kompetanse til «tunfrådelingar» og liknande bør gå fram av lovteksten og ikkje berre i forarbeida.

§ 3-8 Reglar om sambruk (bruksordning)

Domstoladministrasjonen (DA) er i tvil om det er riktig å innføre omgrepet «sambruk» i § 3-8 som erstatning for omgrepet »bruksordning». DA meiner ein skal vere varsam med å endre veldefinerte juridiske og jordskiftefaglege omgrep som ikkje gjennom språkleg utvikling har fått eit anna innhald eller har blitt umoderne eller gammalmodig. DA meiner omgrepet sambruk også kan føre til tvil om kva ei bruksordning kan gå ut på i eit sambruksområde.

Jordskifterettsleiarane i Eidsivating viser til at det av lovforarbeida går fram at meininga er å vidareføre gjeldande § 2 første ledd bokstav c) punkt 1

og 2, men at lovteksten i § 3-8 ikkje harmonerer godt med ei slik vidareføring. Det er forskjell på å gi reglar om *sambruk* og om *bruken*. Ei individualisering av bruken fell ikkje inn under ordlyden i den nye lova, samtidig som ei slik innsnevring ikkje synest å vere meininga. Også *Frostating jordskifteoverrett* på vegner av jordskifteoverrettane har teke opp dette.

§ 3-13 Eigedoms- og bruksrettsstilhøva

Jordskifterettsleiarane i Eidsivating meiner lovteksta må ha ein tydeleg heimel for jordskifteretten til å avgjere tvistar det er nødvendig å avklare av omsyn til jordskifteløysinga, slik det formulert i gjeldande lov § 17. Dei foreslår derfor eit nytt ledd i paragrafen. Etter forarbeida til den nye lova er det meininga at gjeldande heimel skal først vidare. Det er derfor nødvendig at § 3-13 blir tydelegare. Også *Frostating jordskifteoverrett* på vegner av jordskifteoverrettane foreslår eit nytt ledd som gjeld avgjerd av tvistar det er nødvendig å avklare i jordskiftesakene.

§ 3-20 Utlegging av grunn og bruksrett

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane meiner paragrafen er litt upresis i si nåverande form. I tillegg kan formuleringa «Jordskifteretten kan bruke pengar» mistydast til at det er retten sjølv som kan bruke pengar, ikkje partane (eller retten på vegner av partane). *Jordskifterettsleiarane i Eidsivating* er av same oppfatning.

§ 3-33 Fare for elvebrot, skred, sandfokk og liknande

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane og *Jordskifterettsleiarane i Eidsivating* foreslår å endre formuleringa «korleis skaden skal delast» i første ledd siste punktum. Formuleringa verkar noko upresis i forma.

§ 6-26 Rettsforlik

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane foreslår også endringar i § 6-26 som gjeld rettsforlik. Dei meiner at nåverande føresegn vil innebære at partar som måtte ønske semje gjennom eit rettsforlik i ei jordskiftesak etter §§ 3-4 til 3-12 ikkje lenger kan avhjelpast på dette punktet. Føresegna verkar i si nåverande form å vere ei innskrenking av den moglegheita partane etter gjeldande praksis har til å inngå rettsforlik.

5 Departementets vurderingar

5.1 Saksbehandlingsreglane i §§ 6-21, 6-22 og 6-23

5.1.1 Førebuing av forslag til jordskifteavgjerd

Slik lovteksta i jordskiftelova § 6-21 er i dag, vil føresegna gjelde ved alle former for jordskifteavgjerd. Etter departementet si vurdering er det framleis behov for saksførebuing etter § 6-21 i ei rekke jordskifteavgjerder, for eksempel der jordskifteretten etter jordskiftelova § 3-4 formar ut eigedomar eller bruksrettar på ny. Domstoladministrasjonen har peikt på at framgangsmåten føresegna fastset likevel kan gjere framdrifta vanskeleg i jordskiftesaker, i rettsfastsetjande saker og i skjønn. Dersom jordskifteretten for eksempel skal ta stilling til om vilkåra for jordskifte er oppfylte eller ikkje, jf. jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav a), vil jordskifteretten etter muntlege forhandlingar ha plikt til å sende eit skriftleg utkast til jordskifteavgjerd om dette til partane med uttalefrist og kontradiksjon før retten kan treffe avgjerd. Det same vil gjelde dersom retten skal utmåle ekspropriasjonserstatning etter bokstav d).

I nokre tilfelle vil saksbehandling der jordskifteretten skal leggje fram eit skriftleg forslag til jordskifteavgjerd for partane for uttale vere tidkrevjande og ressurskrevjande. Tilvisinga i § 6-21 første ledd bør berre gjelde avgjerder der høyring m.m. er tenleg for å sikre kvaliteten i avgjerdene. Departementet har merka seg at alle dei høyringsinstansane som har kome med uttale meiner at regelen bør endrast. Departementet er samd i dette, og foreslår ei endring, sjå lovforslaget § 6-21 første ledd og 6-23 fjerde ledd. Formålet med jordskiftelova § 1-1 andre ledd om rask, effektiv og tilitskapande behandling er viktig, og ein må ha reglar som gjer at dette formålet blir oppfylt.

I høyringsbrevet la departementet til grunn at saksbehandlingsregelen i § 6-21 skulle gjelde verdsetjing av det som skal gå i byte i jordskiftet, fordeling av planskapt netto verdiauke, ulike jordskifteløysingar undervegs i saka og den endelege jordskifteløysinga. Høyringsinstansane har få konkrete kommentarar til spørsmålet, og tilrår på generelt grunnlag forslaget som blei sendt på høyring. Departementet legg etter dette til grunn at føresegna bør omfatte dei fire gruppene avgjerder.

Frostatting jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane, jordskifterettsleiarane i Eidsivating jordskiftedøme og Nedre Telemark jordskifterett på vegner av jordskifterettane i Agder mei-

ner at ordlyden i § 6-21 bør vere: «Før» retten tek jordskifteavgjerd, og ikkje «Når» retten tek jordskifteavgjerd slik departementet foreslo i høyringsbrevet. Grunngevinga for dette forslaget er at ordet «før» gir ei meir presis skildring av kvar i jordskifteprosessen ein har kome. Uttrykket vil såleis vere meir informativt for partane, særleg for dei som prosederer saka si sjølv. Departementet vil peike på at også andre ledd i føresegna startar med ordet «før». Dersom begge ledda i føresegnene får ein slik start, kan lesaren lett kome i stuss om kva som er først og sist. Departementet foreslår såleis at «Ved førebuing av ei jordskifteavgjerd.» kjem inn i staden for ordet «når». Forslaget tek sikte på å få fram denne tidsaksen som høyringsinstansane etterlyser, sjå lovforslaget § 6-21.

Forslaget til endring i § 6-21 første ledd inneber at for dei andre jordskifteavgjerdene vil det ikkje gjelde særlege saksbehandlingsreglar, ut over dei generelle reglane i kapittel 6 i lova.

5.1.2 Grupperinga av ulike jordskifteavgjerder i § 6-23 fjerde ledd

I høyringsbrevet foreslo departementet ei endring i jordskiftelova § 6-21 første ledd slik at føresegna berre skulle vise til dei jordskifteavgjerdene der slik saksbehandling blir tenleg. For å få dette til foreslo departementet også endringar i § 6-23 fjerde ledd, slik at dei gruppene jordskifteavgjerder som går fram av bokstavane a) til h) skulle bli litt annleis samansette. Forslaget innebar at avgjerd om den saklege og geografiske avgrensinga av saka, jf. § 6-9, skulle flyttast frå § 6-23 fjerde ledd bokstav b) til bokstav a). Avgjerd om val av trasé for vegar og anna undervegs i saka skulle flyttast frå § 6-23 fjerde ledd bokstav b) til bokstav h). Departementet foreslo dessutan ei generalisering av ordlyden slik at føresegna ikkje lenger uttrykkeleg skulle nemne «val av trasé for vegar».

Domstoladministrasjonen foreslår at avgjerd om sakleg og geografisk avgrensing skal få ein eigen bokstav b) i § 6-23 fjerde ledd. Det er vist til at dette vil gjere føresegna lettare å forstå. Departementet er merksam på at dette kan vere eit alternativ, men foreslår inga slik løysing. Etter departementet sitt syn blir ikkje regelen vanskeleg å forstå dersom han blir ståande i bokstav a) slik høyringsforslaget legg opp til. Dersom regelen blir ståande i bokstav a), vil ein også unngå at rekkja av dei påfølgjande bokstavane må endrast som følge av at det kjem inn ein ny bokstav. Det er vist til dei ulike bokstavane i § 6-23 fjerde ledd andre sta-

der i lova, og også i forarbeida. Det har ein eigenverdi for den som skal lese lova og forarbeida at denne tilvisinga ikkje blir endra, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd.

Nedre Telemark jordskifterett på vegner av jordskifterettane i Agder reiser spørsmål ved om «avgjerd undervegs i saka» framleis bør stå i § 6-23 fjerde ledd bokstav b), og ikkje i h). Departementet vil peike på at førebuinga av avgjerd både etter bokstav b) og bokstav h) etter forslaget vil bli omfatta av saksbehandlingsregelen i § 6-21. Spørsmålet om plassering er såleis meir eit spørsmål om kva for gruppe jordskifteavgjerder det er lettast å forstå at løysinga høyrer saman med. I høyringsuttalen er grunngivinga for å oppretthalde ordlyden slik den er i dag knytt til at det følgjer av jordskiftelova § 6-25 første ledd andre punktum at ei avgjerd undervegs i saka kan omgjerast, og at dette er noko heilt anna enn den endelege jordskifteløysinga som mellom anna gjeld reglar om nye eigedomstilhøve. Departementet er samd med jordskifterettane i Agder i dette, og meiner at plasseringa ikkje bør endrast slik forslaget var i høyringa.

Forslaget om at § 6-21 ikkje skal gjelde alle jordskifteavgjerder, berre der det er tenleg for å sikre kvaliteten på avgjerdene, gjer det nødvendig at ordlyden i § 6-23 fjerde ledd bokstav b) fastslår nokså presist kva for avgjerder føresegna tek sikte på. Omtalen i Prop. 101 L (2012–2013) s. 463 viser at omgrepet «og anna undervegs i saka» gjeld ei rekkje ulike avgjerder, men det er ikkje sagt nærare kva for avgjerder dette er. Det går fram at:

«Og anna» indikerer at oppramsinga ikkje er meint å vere uttømmende. Avgjerdsforma jordskifteavgjerd er meint å skulle brukast i høve til andre avgjerder retten må ta under eit jordskifte for å kunne nå fram til ei endeleg jordskifteløysing.»

Departementet meiner at det bør gå meir presist fram av føresegna kva for avgjerder som er aktuelle, og foreslår at føresegna bør gjelde ulike jordskifteløysingar undervegs i saka som ikkje er nemnde uttrykkeleg i § 6-23 fjerde ledd frå før. Departementet foreslår ei endring av ordlyden i tråd med dette, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav b).

5.1.3 Merking og måling

Nedre Telemark jordskifterett på vegner av jordskifterettane i Agder har vist til at det kan vere behov for ei presisering av kva som er meint med

utsett merking og måling i jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav c). Dei reiser spørsmål ved om avgjerda gjeld det å utsette merkinga eller resultatet av den utsette merkinga.

I Prop. 101 L s. 464 er det lagt til grunn at merking og måling i tilknytning til ei jordskiftesak er omfatta av omgrepet «den endelege jordskifteløysinga» i § 6-23 fjerde ledd bokstav h). Det heiter om dette at:

«...omgrepet...inneheld ei avsluttande framstilling av jordskifteløysinga, med tilhøyrande reglar om gjennomføringa, og fastsetjing av nye grenser og rettstilhøve elles innanfor jordskifteområdet, slik dei skal vere i framtida.»

Det er ingen tilsvarende omtale i proposisjonen som gjeld merking og måling i samband med sak etter kapittel 4.

Løysinga etter jordskiftelova 2013 er at merke- og målearbeidet er behandla i tre ulike samanhengar i § 6-23, noko som får ulike følgjer bl.a. ved anke:

- Ved sak etter kapittel 3 er arbeidet med merking og måling å rekne som ei jordskifteavgjerd, og då som ein del av den endelege jordskifteløysinga, jf. § 6-23 fjerde ledd bokstav h). § 6-21 gjeld saksførebuinga også etter departementets forslag til endring i punkt 5.1.1. Anke vil følgje § 8-1 tredje ledd.
- Er det reist sak etter kapittel 4, er arbeidet å rekne som ein del av den endelege dommen. § 6-22 gjeld saksførebuinga i sak der det ikkje er tvist. Anke følgjer § 8-1 andre ledd. Etter domstollova § 12 nytt andre ledd kan førstelagmannen om det er anka bestemme at ein av dei tre lagdommarane skal vere ein jordskiftelagdommar. Dette vil truleg vere regelen der det er anka over merke- eller målearbeidet. I sak der det er tvist gjeld gjeld kapittel 6, men ikkje § 6-22 for saksførebuinga.
- Er det fastsett at merking og måling skal utsettast, går det fram av § 6-23 fjerde ledd bokstav c) at merkinga og målinga er å rekne som ei jordskifteavgjerd. Med departementets forslag til endring av § 6-21 vil føresegna om saksførebuing av jordskifteavgjerd ikkje gjelde. I slike høve vil anke følgje § 8-1 tredje ledd.

Departementet ser at reglane rundt merking og måling har fått ei uheldig løysing på dette punktet. Løysinga vil bli enklare og meir tilpassa det handlinga faktisk går ut på dersom resultatet av merkinga og målinga blir å rekne som ei jordskifteavgjerd i alle samanhengar. Føresegna om førebu-

ing av jordskifteavgjerder i § 6-21 bør ikkje gjelde. Ankebehandlinga bør følgje § 8-1 tredje ledd i alle dei tre tilfella over. Departementet foreslår ei slik løysing ved at ordlyden i § 6-23 fjerde ledd bokstav c) blir utvida til å gjelde alle dei tre tilfella over.

Sjå elles merknadene i punkt 7 til § 6-23 fjerde ledd.

5.1.4 Grunngeving av avgjerd etter §§ 6-21 og 6-22

I Prop. 101 L (2012–2013) er det lagt til grunn at forslag til avgjerder etter jordskiftelova §§ 6-21 og 6-22 ikkje krev grunngeving. På s. 301 er det uttalt om dette:

«Departementet fremjer ikkje forslag om krav til grunngeving av forslag verken til rettsfastsettjande avgjerder (dom) eller jordskifteavgjerder (dei endelege avgjerdene skal ha ei grunngeving etter reglane i lovforslaget § 6-24).... Departementet meiner det vil vere uheldig om partane får inntrykk av at avgjerda er teken før dei får uttalt seg. Det er òg viktig at reglane blir utforma slik at jordskifteretten kan setje fram eit forslag til avgjerd utan at dommar og meddommarar blir inhabile i den vidare behandlinga om det skulle bli tvist mellom partane, slik jordskifteoverrettane understrekar. Retten må på den andre sida gjere greie for innhaldet i forslaget på ein slik måte at partane forstår kva det går ut på, men det er ikkje meininga at retten skal gå nærare inn på dei avvegingane ein har gjort. Ei nærare grunngeving for avgjerdene skal difor vente til ein tek den endelege avgjerda.»

Departementet meiner at ordlyden i føresegnene i nokon grad underkommuniserer dette, og tok det opp i høyringsbrevet. Departementet oppfattar at høyringsinstansane meiner det kan vere tvil om tolkinga av føresegnene på dette punktet. Departementet foreslår derfor ei endring i ordlyden slik at føresegnene blir klarare, sjå lovforslaget §§ 6-21 første ledd og 6-22 første ledd.

5.2 Forslag til retting av feil

I høyringsbrevet ba departementet om innspel til retting av feil i den nye lova. Departementet har følgjande merknader til desse innspela:

Ei rekkje høyringsinstansar foreslår at § 3-18 blir endra slik at det står «og» og ikkje «eller» i paragrafen. Departementet vil peike på at sjølv om forarbeida til ny lov seier at føresegna skal ha same verknad som i § 3 bokstav a) i gjeldande lov,

er bindeordet «eller» i ordlyden lite dekkjande for dette. Ei endring slik at «eller» blir erstatta med «og» vil rette opp dette. Departementet foreslår derfor ei slik endring. Dette gjer det synleg at summen av kostnader og ulemper skal vektast opp mot nytten, sjå lovforslaget § 3-18.

Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane viser til at det i § 3-37 som gjeld frist for å krevje nytt jordskifte, må vere feil referanse når det er vist til «§§ 3-2, 3-18 eller 3-19». Departementet er samd i dette, og foreslår ei endring slik at referansen blir rett. Rett referanse skal vere «§§ 3-2, 3-3 eller 3-18».

Fleire høyringsinstansar viser til at § 6-1 andre ledd inneheld fleire feil. I tilvisinga til tvistelova § 13-1 er det eit «og» for mykje og tilvisinga til tvistelova § 15 er ufullstendig. Departementet foreslår endringar i føresegna slik at dette blir retta opp, sjå lovforslaget § 6-1. Eit komma er også fjerna mellom tilvisinga til kapittel 16 og romartal I.

Det kom også fram i høyringa at det i § 7-7 første ledd manglar eit linjeskift. Det går fram av Prop. 101 L (2012–2013) s. 508 at formuleringa «... på dei som har valda kostnadene» gjeld alle punkta a, b og c, ikkje berre punkt c slik lovteksta er utforma. Departementet er samd i dette. For å unngå tvil om korleis føresegna er å forstå, foreslår departementet at opplistinga i ulike bokstavar blir fjerna, sjå lovforslaget § 7-7 første ledd.

Fleire høyringsinstansar peiker på at det i § 9-7 nr. 7, om endringar i servitutlova § 7 andre ledd første punktum, er teke inn eit kommateikn etter «eigaren». Kommateiknet har ingen synleg funksjon, og kan vere villeiande. Departementet er samd i dette, og foreslår ei endring av føresegna slik at kommateiknet blir fjerna.

5.3 Andre forslag til endringar

Det går fram av punkt 4.3 at fleire av høyringsinstansane meiner at det også er grunnlag for å gjere andre endringar i den nye lova før ho trer i kraft. Frostating jordskifteoverrett på vegner av jordskifteoverrettane har gruppert forslaga sine etter kva det er nødvendig å endre nå, og kva som kan vente ei tid. Dei peiker på at innspela dei har vil vere for omfattande å ta med nå, men at det kan vere nyttig å ha kjennskap til momenta for å kunne gjere ei samla vurdering av behovet for endring av jordskiftelova når det har gått ei tid. Departementet er samd i denne tilnærminga, og foreslår derfor berre å rette feila som er nemnde i punkt 5.2. Dei andre forslaga er knytte til uvisse om korleis føresegnene vil bli tolka i praksis. Departementet meiner at den nye lova bør få

verke i noko tid før ein tek stilling til om det er behov for endring av desse føresegnene. Departementet legg derfor opp til at innspela blir registrerte nå, men at dei kan vurderast på eit seinare tidspunkt, for eksempel i samband med evaluering av den nye lova når ho har fungert ei tid.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaga til endringar i §§ 6-21, 6-22 og 6-23 fjerde ledd vil føre til at saksbehandlinga etter ny jordskiftelov ikkje blir meir omfattande eller tidkrevjande enn etter gjeldande jordskiftelov. Det inneber at behandlinga av jordskifteavgjerder etter § 6-21 i den nye lova kan gjennomførast utan meir ressursbruk enn det gjeldande lov krev.

Forslaga til endringar i dei andre føresegnene er retting av feil i den nye lova. Rettingane har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

7 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

Til § 3-18

Forslaget går ut på at ordet «eller» er bytt ut med ordet «og». Dette gjer det klart at jordskifteløysinga ikkje skal føre til at kostnadene og ulempe blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett. Dette gjer det synleg at det er summen av kostnader og ulemper som skal vekstast opp mot nytten.

Til § 3-37 andre ledd

Forslaget går ut på at føresegna viser til «§§ 3-2, 3-3 eller 3-18» i staden for «§§ 3-2, 3-18 eller 3-19». Forslaget til endring fører til at tilvisinga blir rett.

Til § 6-1 andre ledd

Forslaga til endring fører til at tilvisinga til tvistelova blir rett. Forslaga endrar ikkje det føresegna er meint å gjelde, sjå Prop. 101 L (2012–2013) der dette går fram av lovforslaget § 6-1 andre ledd.

Til § 6-21 første ledd

Forslaga til endring går ut på at førebuinga som føresegna gir påbod om, berre skal gjelde jordskifteavgjerder etter § 6-23 b), f) og h). Dette er verdsetjing av det som går i byte i jordskiftet, val

av trasé for vegar og andre jordskifteløysingar undervegs i saka og fordeling av planskapt nett-overdiauke, samt den endelege jordskifteløysinga.

Uttrykket «ved førebuing av» er meint å vise kva tidspunkt regelen om saksbehandlinga skal gjelde for.

Forslaget som skal leggjast fram for partane skal vise forslag til resultatet av jordskifteavgjerda. Endringa i ordlyden gjer det klarare at forslaget ikkje treng å vere grunnlagt. Det treng heller ikkje innehalde alle dei detaljane som trengst i den endelege jordskifteløysinga. Formålet med forslaget er å sikre kontradiksjon kring sentrale løysingar slik at saka kan bli best mogleg opplyst før jordskifteretten tek endeleg avgjerd.

Til § 6-22 første ledd

Forslaget som skal leggjast fram for partane skal vise forslag til resultatet av rettsfastsetjinga. Endringa i ordlyden gjer det klarare at forslaget ikkje treng vere grunnlagt. Det treng heller ikkje innehalde alle dei detaljane som trengst i den endelege avgjerda. Formålet med forslaget er å sikre kontradiksjon slik at saka kan bli best mogleg opplyst før jordskifteretten tek endeleg avgjerd i saka. Etter § 6-23 første ledd skal den endelege rettsfastsetjinga skje ved dom. Etter lovforslaget skal resultatet av arbeidet med merking og måling vere ei jordskifteavgjerd etter § 6-23 fjerde ledd bokstav c) i alle samanhengar, sjå punkt 5.1.3 og merknaden til § 6-23 fjerde ledd. Saksbehandlinga av denne jordskifteavgjerda treng ikkje følgje reglane i § 6-21, som etter lovforslaget skal gjelde for jordskifteavgjerder etter § 6-23 bokstav b), f) og h), sjå merknadene til § 6-21. Jordskifteavgjerd om merking og måling skal heller ikkje behandlast etter § 6-22, men etter dei generelle reglane i kapittel 6.

Til § 6-23 fjerde ledd

Det er foreslått endringar i bokstavane a), b) og c). Forslaga grupperer dei ulike jordskifteavgjerdene på ein ny måte, slik at det blir lettare å vise til dei avgjerdene som skal følgje saksbehandlingsregelen i § 6-21.

Jordskifteavgjerda om sakleg og geografisk avgrensing av saka etter § 6-9 er flytt frå bokstav b) til bokstav a). Bokstav a) gjeld frå før vilkåra for jordskifte i §§ 3-2, 3-3 og 3-18. Det inneber at jordskifteavgjerder som særleg er aktuelle når saka startar opp er samla i ei gruppe.

Avgjerd om verdsetjing, val av trasé for vegar og om andre jordskifteløysingar undervegs i saka

er i lovforslaget samla i § 6-23 fjerde ledd bokstav b). Avgjerd om verdsetjing er avgjerder etter kapittel 3 III. Med omgrepet «andre jordskifteløysingar undervegs i saka» er meint avgjerder etter jordskiftelova kapittel 3 som ikkje er nemnde annan stad i § 6-23 fjerde ledd. Avgjerd etter § 3-18 fell såleis utanfor fordi slik avgjerd følgjer § 6-23 fjerde ledd bokstav a). For avgjerd undervegs gjeld § 6-25 første ledd andre punktum.

Resultatet av arbeidet med merking og måling skal etter forslaget bokstav c) reknast som jordskifteavgjerd i alle samanhengar. Ordlyden «merking og måling» inneber dessutan at det er resultatet av merke- og målearbeidet som er jordskifteavgjerda, ikkje ei avgjerd om at dette arbeidet skal utsetjast til etter at saka er rettskraftig avgjort. Forslaget til løysing fører til at dersom det er anka over ein dom over rettsfastsetjing, kan merking og måling bli anka for seg som jordskifteavgjerd. Dei to avgjerdene kan etter § 8-1 sjette ledd behandlast som ei sak for lagmannsretten. Dersom anken berre gjeld utføringa av det tekniske arbeidet, skal anke behandlast etter § 8-1 tredje ledd som jordskifteavgjerd. Løysinga åpnar ikkje for at ein part som er usamd i dommen kan anke på resultatet av merke- og målearbeidet. Ved anke over merke- og målearbeidet (jordskifteavgjerd) er det berre spørsmål om det er gjort feil ved merke- og målearbeidet i høve til domsslutninga som kan prøvast.

Til § 7-7 første ledd

Det er foreslått å fjerne bokstavinndelinga i føresegna. Det gjer at omgrepet «på dei som har valda kostnadene» vil gjelde både trekking av ei sak, avvising av ei sak når vilkåra for saka ikkje er oppfylte, eller for seine krav eller opplysningar. Forslaget endrar ikkje det føresegna er meint å gjelde, sjå Prop. 101 L (2012–2013) der dette går fram av lovforslaget § 7-7 første ledd.

Til § 9-7 nr. 7, servituttlova

Det er foreslått at kommoteiknet etter ordet «eigaren» i § 7 andre ledd første punktum blir fjerna. Regelen blir såleis i samsvar med gjeldande lov på dette punktet.

Til ikraftsetjingsregelen

Endringane trer i kraft når Kongen fastset det. Det er lagt til grunn at endringane skal tre i kraft samtidig med den nye jordskiftelova.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i jordskiftelova 2013 (reglar om saksbehandling mv.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i jordskiftelova 2013 (reglar om saksbehandling mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i jordskiftelova 2013 (reglar om saksbehandling mv.)

I

I lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova) blir det gjort følgjande endringar:

§ 3-18 skal lyde:

§ 3-18 *Vern mot tap*

Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene og ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett.

§ 3-37 andre ledd første punktum skal lyde:

Det er òg ein frist på ti år for behandling av nytt krav der jordskifte er nekta fordi vilkåra i §§ 3-2, 3-3 eller 3-18 ikkje var oppfylte.

§ 6-1 andre ledd skal lyde:

Desse delane, kapitla og paragrafane i tvisteloven gjeld slik det går fram av paragrafane i lova her, og elles så langt dei høver: Kapittel 2, 3 og 8, § 9-6 første og andre ledd, tredje ledd første og andre punktum og fjerde ledd, §§ 9-10 og 9-13 til 9-17, § 10-5 første og andre ledd, kapittel 11, § 12-1 første til tredje ledd, § 13-1 andre og tredje ledd, §§ 13-3 og 13-4, kapittel 13 II, kapittel 14, § 15-2 første ledd bokstav b, §§ 15-6 til 15-8, kapittel 16 I, II og III, § 16-18, kapittel 17, §§ 18-1 og 18-2, kapittel 19 og 20, femte del og sjettede del.

§ 6-21 første ledd skal lyde:

Ved førebuing av ei jordskifteavgjerd etter § 6-23 fjerde ledd bokstav b), f) og h), skal retten utarbeide forslag som viser resultatet av jordskifteavgjerda, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane.

§ 6-22 første ledd skal lyde:

Dersom det ikkje er tvist mellom partane, skal jordskifteretten utarbeide forslag som viser

resultatet av avgjerda om fastsetjing av grenser, eigedomsrett, rettar eller anna, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane.

§ 6-23 fjerde ledd skal lyde:

- Ved jordskifteavgjerd tek retten avgjerd om
- a) vilkåra for jordskifte i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er oppfylte eller ikkje, *samt sakleg og geografisk avgrensing av saka etter § 6-9*
 - b) *verdsetjing* av det som skal gå i bytte i jordskiftet, val av trasé for vegar og *andre jordskifteløysingar* undervegs i saka som ikkje er nemnde annan stad i leddet her
 - c) *merking* og måling også når dette arbeidet er utsett til etter at saka er avslutta
 - d) skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 i samband med sak for jordskifteretten
 - e) reglar som etter § 3-34 skal gjelde for ei viss tid
 - f) fordeling av planskapt netto verdiauke etter § 3-30
 - g) sakskostnader etter § 7-6, og
 - h) den endelege jordskifteløysinga.

§ 7-7 første ledd skal lyde:

Jordskifteretten skal leggje sakskostnader knytte til trekking av ei sak, avvising av ei sak når vilkåra for saka ikkje er oppfylte, eller for seine krav eller opplysningar på dei som har valda kostnadene.

I § 9-7 nr. 7 skal endringa i lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom § 7 andre ledd første punktum lyde:

I slike høve skal eigaren svara vederlag i jord, rettar eller pengar.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen bestemmer.

